

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.09.2021

Vår ref.: 201906241-6

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Høyring av søknad om løyve til uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet i Rauma kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke søknad frå Hamre genbank, datert 01.05.2021, om løyve til uttak av vatn og regulering av Gjerdsetvatnet. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Åndalsnes Avis og Romsdals Budstikke. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Hamre genbank ved Ola Magnar Hamre på tlf. 90867923 eller e-post: olamagnar@hamregenbank.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 201906241 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan 10.11.2021.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Hamre genbank er eit eksisterande anlegg og dagens tilførsel av vatn vart etablert då anlegget starta opp som Hamre settefisk i 1987. Hamre genbank har i dag, etter oppdrag frå Miljødirektoratet, ansvaret for å ivareta to stammar av sjøaure og sjørøye frå Skibotnregionen, og også to stammar av sjøaure frå Driva regionen. I dag vert det praktisert eit reguleringsregime med HRV på kote 35 og LRV på kote 34.

NVE fatta vedtak den 23.9.2015 om at uttak av vatn til genbanken er konsesjonspliktig.

Hamre genbank søker no om løyve til å ta ut inntil 9 m³/min (150 l/s) og regulering av Gjerdsetvatnet mellom kote 35,00 (HRV) og kote 33,85 (LRV). Det vert ikkje foreslått slepp av minstevassføring.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
Mattilsynet
Molde og Romsdals Turistforening
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
RAUMA KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Kopi til:

OLA MAGNAR HAMRE